

Saksframlegg

Saksbehandlar: Kristin Rundsveen, Fylkesordføraren
Sak nr.: 18/6704-1

Uttale om fortsatt operativ eining ved Konfliktrådet i Sogn og Fjordane

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane krev at den operative eininga knytt til Konfliktrådet i Sogn og Fjordane vert ført vidare som i dag, med kontor i Førde.

SAKSFRAMSTILLING

Gjennom media er det politiske miljøet blitt kjend med at der føreligg framlegg om nedlegging av konfliktrådet sitt kontor i Førde, samt fleire kontor rundt i landet.

Målet er uttalt å vere at konfliktrådstenesta skal bli meir robust. Vi meiner at å slå saman/legge ned kontor er heilt feil veg å gå. Grunnleggande for konfliktrådstenesta er lokal tilknytning. Meklarane vil framleis vere tilknytt sine eigne kommunar. Men innføring av ungdomsoppfølging stiller mykje meir krav til tilsette, mellom anna til tverretatleg samarbeid rundt den enkelte ungdommen. Det er viktig relasjonsarbeid som ikkje kan erstattast av telefon og video. Reiseavstandar er ein vesentleg faktor for dei tilsette sine arbeidsvilkår, difor er plassering av kontora som er utgangspunkt for reisene, eit viktig moment. Ressursane til denne verksemda burde heller aukast enn reduserast.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vil seie klart frå at ungdomane våre treng å ha god tilgang til den tenesta konfliktrådet kan gje, også ungdomsoppfølging. Representantar for politiet har og gått klart ut og sagt at konfliktrådet sitt arbeid er viktig for å førebygge kriminalitet. Det er difor eit minimumskrav at det framleis vert eit operativt kontor /satelittkontor i Førde.